



## Sluttrapport – Lokalt trafikksikringsarrangement – økonomisk støtte - 2017

Sluttrapporten skal sendast til:

Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Rapporten må merkast: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - sluttrapport – ref: 2014/1230"

Stad og dato:.....Alversund, 16. november 2017.....

### Rapportering etter lokalt trafikksikringsarrangement

Navn på arrangement	Reflekskampanje i Nordhordland
Tidspunkt for arrangement	Haust/vinter 2017 og 2018
Navn på mottakar av tilskotet	TSU-Nordhordland
Adresse og postnr.	TSU-Nordhordland v/Jakob Hernar
Postnummer og poststad	Sagstadveien 19 5918 Alversund
Epost	<a href="mailto:Gunn-Torhild.Ramslien@lindas.kommune.no">Gunn-Torhild.Ramslien@lindas.kommune.no</a>
Kontonummer	3633.42.39.270
Organisasjonsnummer	899 303 342
Kommune	Lindås kommune, saman med de andre samarbeidskommunane i Nordhordland og Askøy
Tilskotssum	Kr 50.000,-
Evt. eigenandel Totalkostnad	Totalkostnad: kr 150.000, I tillegg til samarbeidskommunane sin eigenandel (som TSU ikke over oversikt over) Eigenandel TSU-Nordhordland: kr 100.000,-

### Gjennomføring av arrangementet:

Gje ei kort utgreiing av korleis arbeidet er gjennomført. Gje ei kort vurdering av kva trafikksikringsverknader prosjektet har hatt, og vidare planar for arbeidet.

TSU-Nordhordland tok initiativ til ein felles refleksaksjon for kommunane i Nordhordland, i tillegg til Askøy. Me innkalla til oppstarts-/ planleggingsmøte 8. september, 8 kommunar ynskje å være med på reflekskampanjen. TSU motiverte kommunane til å ha fokus på trafikktryggleiken og gjorde kommunane sjølv ansvarleg i å gjennomføre trafikkførebyggjeande arrangement i sine respektive kommunar.

TSU kjøpte inn refleksar for kr 150.000,-. Kvar kommune fekk ei «startpakke» med refleksar som dei kunne disponere etter eige ynskje, i tillegg til at Brann, Politi, Ambulanse og helsestasjonane fekk tilstrekkeleg med refleksar til utdeling. Kvar kommune har i tillegg kjøpt inn etter eige behov.

Reflekskampanjen vil gå utover vinter 2017 og vår 2018. Kommunane er godt i gang!

Det er ein enorm styrke å kunne stå saman om trafikktryggleiken i Nordhordland. Gjennom ei slik felles prosjekt, ser vi at kommunane har større fokus på trafikktryggleik generelt. Kommunane treng ein pådrivar som TSU, for å setja i gang trafikktiltak. Med TSU som motivator og igangsetjar, ser vi at kommunane sjølve gjer ein stor innsats i sin kommune.

Nordhordland treng eit felles tak for refleksbruk i vinterhalvåret, og vi er overtydd om at dette kan redde liv. TSU ynskjer derfor å vera pådrivar for årlege refleksaksjonen i åra som kjem.

### Rekneskapoversikt:

Legg ved eit detaljert rekneskap.

Rekneskap reflekskampanje i Nordhordland:

Type midlar	Utgifter	Inntekter
Innkjøp refleksar, Refleksprodukt	Kr. 155.203,-	
Støtte frå FTU: Midlar frå TSU, Gjensidigestiftelsen		Kr. 50.000,-
		Kr. 105.203,-

I tillegg har kvar kommune kjøpt inn refleks på eigehand, men har ikkje oversikt over kor mykje dei har kjøpt for .